



Uskedelinger gjorde det godt i KM sist laurdag.

Fri-idretten er i frammarsj og seinast i Kvinnheradsmeisterskapet sist laurdag fekk vi bevis på at det er god aktivitet og mange talent. Det nye stadionet på Husnes vil nok inspirera ytterlegare. Dermed vert det og behov for fleire dommarar i samband med avvikling av stemne. Til helga vert det dommarkurs.

Det er idrettslaget Trio som arrangerer kurset, men det hadde vore veldig bra om ein del uskedelinger hadde teke det. Kurset passar for alle frå 16 år og til langt oppi pensjoniståra.

Det blir arrangert i Trio-huset fyrstommande laurdag, og laurdag 25. oktober. Begge dagar kl.11-16. Du treng ingen forkunnskap, det er kjekt og sosialt. Du får innføring i friidrettsøvingane med alle reglar og grenser. Veldig nyttig dersom du er trenar, forelder eller berre interessert i friidrett. Dommarkurset går over 2 laurdagar med 2 vekers mellomrom. Det hadde vore kjekt om så mange som mulig tar kurset no sidan folk frå friidrettskretsen kjem til Kvinnherad istadenfor at kvar klubb må senda deltakarar til Bergen.

Det er ingen forpliktelsar om ein tek kurset, men det er viktig med fleire dommarar då det ikkje er mange aktive dommarar i Kvinnherad no.

Ski/fri-idrettsgruppa i UIL håpar på god respons, og alle interesserte kan ta kontakt med Josten Saghaug på tf. 94 19 89 81.



Tarangerfamiliane er aktive i fri-idrett også.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Arkivfoto frå private.